



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3033 - 19/36883

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
10.12.2019

Oversending av sak om avslag på søknad om unntak frå forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar - gbnr 108/281 Lindås

Saka gjeld klage på søknad om unntak frå forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar – gbnr 108/281 Lindås.

Kommunen avslo søknaden i skriv datert 13.11.2019.

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar vert det ikkje gjeve unntak frå § 12, jf. § 4, for å nytte mineralolje til sentralvarmeanlegg i bustaden på eigedom – gbnr 108/281.

Vurdering:

Kommunen vil vise til sin argumentasjon i skriv datert 13.11.2019.

Kommunen kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagan som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 13.11.2019.

Slik vi forstår så er ikkje fyring med ved eit alternativ grunna personlege årsaker. I vårt skriv har vi vist til fleire andre alternative energikjelder som har ein investeringskostnad og driftskostnadar som ikkje er større enn det som kan forventast for oppvarming av ein einebustad i dag. I tillegg vert driftskostanden til mineralolje vert utjamna av kostanden til drift og vedlikehald av alternative oppvarmingskjelder. Vi vil også særleg vise til at presedensverknaden vert monaleg dersom ein gjev einebustaden med moglegheit for vanlege oppvarmingskjelder unntak frå forskrifta. Dette vil undergrave forskrifta si føremål som er å redusere forureining av klimagassar. Det er mange andre liknande einebustadar i same situasjon som vil ha krav på lik handsaming.

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Klage med vedlegg er lagt ved oversendinga. Resten av dokumenta er tilgjengeleg på Lindås kommune sine nettsider.

I vårt skriv av 13.11.2019. har vi sett vilkår for klage. Vilkår for klage er ikke oppfylt:
Ved klage, så skal det leggast ved fullmakt frå heimelshavar til kontaktperson.

Kommunen vil parallelt med fylkesmannen si handsaming innhente fullmakt.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om unntak fra «Forskrift om forbud mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygninger»
Avslag på søknad om unntak frå forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar -
gbnr 108/281 Lindås
Klage på avslag på søknad

Kopi til:

Aune Hallstein Solheim	Bjørgebrekken 94	5141	FYLLINGSDALEN
Kirsten Solheim	Grønfjellet 4	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------